

OMFATTANDE ANALYSE AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR ADMINISTRASJON AV NETTBASERT LÆRING (LMSs)

Vennligst fyll ut tabellen under:

Namn på institusjonen:	Høgskolen i Volda
LMS i denne undersøkelse:	Classfrontier
Språkdrakt til dette LMS:	Norsk (bokmål og nynorsk). Ein student brukar dansk
Antall år i bruk:	4 mnd.
Andre LMS i bruk	Brukte Imaker før, hadde det i to år. Imaker er eit standard publiseringssystem som vi fekk skreddersydd til e-læring.
Antall studenter ved institusjonen:	Usikker, trur det er 2300 studentekvivalenter. 3200 studenter er sannsynleg.
Antall kurstilbod ved institusjonen:	Ingen ide, har ca. 100 kurs både med og uten e-læring. 4 årig lærarutdanning er sammensatt av minst 12 kurs.
Mest vanleg varigheit for kurs:	Variere frå 5 til 20 vektall. Det er 6 delkurs for Opptakskurs for IT for lærere. Problemet er at det er vanskeleg å definere kurs.
Antall faglærere ved institusjonen:	ca. 550

Denne analysen er inndelt i seks deler:

- 1 Verktøy for utvikling av kurs
- 2 Verktøy for støtte for studenter
- 3 Verktøy for støtte for faglærere
- 4 Administrasjon (student database)
- 5 Teknologi (kvalitet og software)
- 6 Pris

1 Verktøy for utvikling av kurs

1.1 Utvikling av kurs.

Kor tilfredsstillande har dette LMS vore med tanke på å lage kurs ?

Godt spørsmål. Vi gjekk inn i dette med åpne auger. Det åpnar for mange fasetter. På mange kurs **VART** det brukt som substitutt for forelesningar. Vi har kjøpt for at folk skulle få valgfriheit, det har ein fått og det er vårt inntrykk at ein er godt nøgd med.

Leverandøren er heilt fantastisk. Seinast i dag ringte eg ned om eit problem og det blei løyst på 10 minutt.

1.2 Struktur og pedagogisk fleksibilitet – åpenheit

Tillet LMS pedagogisk fleksibilitet ved produksjon av kursmateriell ?

Er strukturen åpen for forskjellige pedagogiske muligheiter ?

Åpen for alt, frå sosiokulturelt til behavioristisk.

1.3 Brukarheit for faglærere.

Kor lett er dette LMS å bruke for lærere og kursutviklere ?

I forhold til det forrige sysemet vårt, er dette veldig bra.

Vi valgte eit system som skulle fungerer greit for lavnivåbrukaren. Lærere med lite IT-erfaring.

På den andre sida gir ikkje Classfronter så stor valgfriheit for læraren **i å tilrettelegge læringsmiljøet**.

Vi brukte veldig mykje tid i starten for å lage oss eit system vi trudde på. Ein organisering av systemet slik at det gjenspeglar organisasjonsstrukturen. Det ser det ut til at vi er fornøgd med. Vi har seinare endra gjenspeglingen av organisasjonsstrukturen i systemet uten at det vart problemer av det.

1.4 Støtte for grafikk, lyd og video.

Gir dette LMS støtte for bruk av grafisk undervisningsmateriell, levende bilder, lyd og video i kursinnholdet ?

Det gir støtte for grafisk undervisningsmateriell. Men vi brukar desse formata i liten eller ingen grad.

1.5 Studentspørsmål, vurderinger og studentoppgåver.

Kva for støtte tilbyr LMS for spørsmål frå studentar og vurdering av studentoppgåver ?

Det ser ut som den blir mykje betre i neste versjon. Den har vore nokonlunde hittil. Sporing av studentaktiviteten kjem til å bli betre.

2 Verktøy for støtte for studenter

2.1 Muligheter for interaktiv kommunikasjon

Kva for muligheter tilbyr LMS studentane av interaktiv læring/kommunikasjon ?

Classfronter tilbyr chat.

Vi har erfart at den synkrone kommunikasjonen viktig arbeidsprosessen med å skapa felles begrepsdannelser.

Bortsett frå det har vi ingen erfaring med den synkrone arbeidsforma. Vi ser det ikkje som naturleg at Classfronter skal ta hånd om den synkrone kommunikasjonen, sjølv om den ligg inne i systemet.

Vi finn det meir naturleg å bruke NetMeeting til synkront arbeid.

2.2 Nettbasert student-til-student-kommunikasjon (synkron og asynkron)

Kva for fasiliteter tilbyr LMS studenten når det gjeld kommunikasjon med andre studentar, og kor godt har dette fungert ?

Diskusjonsforum, chat, filutveksling, verktøy for organisering av samarbeid, prosjektstyring, ulike meldingstjenester. Det er veldig varierende korleis det fungerer. Det er ikkje Classfronter si fortjeneste eller skuld at det fungerer eller ikkje fungerer. Det er læraren sin tilnærming til handlingane det kjem an på.

Gir LMS støtte både synkron og asynkron kommunikasjon mellom studentar ?

Ja. Det er loggar for synkron kommunikasjon.

2.3 Nettbasert student-til-faglærer-kommunikasjon (synkron og asynkron).

Kva for fasilitetar tilbyr LMS for studentens kommunikasjon med faglærer, og kor godt har dette fungert ?

Som 2.2.

Vi har ein del reine nettkurs. For eksempel i lokalhistorie, historie grunnkurs, Kristendom religio og livssyn, IT for lærere og Kommunal forvaltning.

Vi ser ikkje for oss at dette systemet skal erstatte verken telefon eller personleg frammøte. Det er ikkje nokon målsetting.

Støttar LMS denne kommunikasjonen både synkront og asynkront ?

Ja

Har studenten tilgjengeleg support når det gjeld faglege, tekniske og administrative tjenester 24 timar i døgnet ?

Nei, studenane har ikkje 24 timar support. Ingen vaktordning. Men ein del fagtilsette gjer ein del på kveldstid. Det hender at studentar tek kontakt med IT-kontoret vårt. Det ville bli for dyrt med supportordning. Det er ikkje **organisasjone n** villege til å betale for.

2.4 Ressurser, bibliotek og litteraturhenvisninger.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS til studenten når det gjeld anskaffelse av ressurser som er nødvendige for kurset, spesielt bibliotek ressurser og referanser til nødvendig litteratur ?

Alt som kan digitaliserast, kan formidlast gjennom systemet.

Det ligg meir på læraren sin evne til å sjå muligheiter. Stoff kan scannast og leggest ut som pdf-filer. Det er eit spørsmål om kompetanse hos læraren.

Biblioteket er for øvrig veldig bra.

2.5 Tilbakemelding på studentarbeid og oppgåver.


Korleis er kvaliteten på dei muligheiter for tilbakemelding som LMS tilbyr studenten på arbeidet dei har gjort og oppgåver som er levert ?

Hvordan får studentene tilbakemelding på sine oppgavebesvarelser og hvordan støtter LMSet eventuelt opp om dette?

Utfordringa er om ein tilbyr ei teneste som dei fagtilsette er fornøgd med ut frå sin praxis og undervisningsmetode. Det er veldig individuelt kva læraren finn som formålstjenleg. Utfordringa ligg i å finne ein dokumentasjonsmåte som passar for lærarane. Nokre lærere skriv studentens besvarelse ut på printer, og skriv kommentarer på PC-en mens dei les. Andre skriv kommentarer direkte i dokumentet, men det er ikkje alltid lett når ein brukar **nettlesarklientar**. Andre skriv kommentarer på papir og leverer direkte. Då kan det vera eit dokumentasjonsproblem. Men dette dokumentasjonsproblemet har jo vore der til alle tider. Det er dokumentasjonen sammen med informasjonsdelen som er hovedmotivasjonen for å ta dette LMS i bruk.

Det LMS vi hadde før, håndterte ikkje tilbakemeldingar til studentane.

Det er smak og behag om en vil skrive kommentarer direkte i innlevert besvarelse, eller i eige tekstvindu. Classfronter har innebygd editor. Den er bra. Det er som å vere i Word.



3 Verktøy for støtte for faglærere

3.1 Oppfølging av studenter – spørring mot studentdatabasen.

Kor brukervennleg er LMS for faglærerne som ønsker å følge opp deira studentgruppe(r) og hente data frå studentdatabasen ?

Vi kjøpte Classfronter for at det skulle vera integrert mot det studieadministrative systemet. Vi har MSTAS. Det er ein integrasjon som fungerer heilt fint. Studentlister og kurspåmeldinger blir overført automatisk kvar natt. Statusendring frå aktiv til inaktiv, blir også oppdatert automatisk.

Vi håndterer alt med studentane i MSTAS. Nesten ingen ting i Classfronter.

Vi tok ikkje i bruk Classfronter før vi fekk utvikla denne integrasjonen. Det einaste som er lagt inn i Classfronter manuelt er dei tilsette. Dette fungerer greit fordi det er så få ansatte **og det er ei stabil gruppe**. Vi hadde erfaring frå det tidlegare LMS at det var vanskeleg uten integrasjon. Det vart ikkje konsistens mellom lister frå det eine og det andre systemet. Det må vera definert ein og berre ein sannheit. Og når ein lærar skal bruka Classfronter, må han lære seg nødvendig administrasjon sjølv. Det er dei systemansvarlege for avdelingen som legg inn nye lærere.

Alle avdelinger har to systemansvarlege. Eg forhold med til desse få.

Vi er konsekvente på at lærere ikkje skal ta i bruk Classfronter uten opplæring. Opplæring blir gjort slik at den som er ansvarleg set seg ned og gir råd om bruk og strategier. Den avdelingsansvarlege driv oppfølging. Vi ser det slik at vi driv organisasjonsutvikling meir enn implementering av eit nytt system. Teknologien fungerer til å straumlinjeforma begreper og namn på kurs. Teknologien styrer namngjevingspolitikken. Kurs får samme namn i daglegtaleten som dei heiter i Classfronter og MSTAS.

3.2 Verktøy for veiledning og administrasjon av studentgrupper.

Kva for fasilitetar tilbyr LMS til faglæreren når det gjeld ledelse og administrasjon av deira studentgruppe(r) ?

Vi har grupper som er heilt autonomt styrt av studenter, og som gir lærer adgang til grupperommet ved invitasjon. Vi erfarer at aktivitetsnivået blir høgare for studentane når dei får fulle administratorrettigheter for si gruppe. Alternativt kan læraren styra aktiviteten. Det er det mindre interesse for.

3.3 Forberedelse av spørsmål og oppgåver av faglæreren.

Kor suksessfull er LMS når det gjeld å tilby faglæreren brukervennlege og pedagogisk læreriktige verktøy i arbeidet med å lage spørsmål og oppgåver til studentane ?

Det er ikkje systemet som bestemmer om det er velluykka eller ei. Dette er eit reint pedagogisk problem.

Vi har eit krav på oss til å tilpasse oss til krav frå markedet, her trur vi at LMS eller e-læring generelt har noko å bidra med. Markedskrav går på krav til fleksibel læring, og krav om endra kvalitetsdefinisjonen for læring dei siste åra. Samfunnet set kortare halveringstid på kompetanse enn før. Det er ønskeleg at den lærande blir vandt med at læringsaktiviteten skal vera konsentrert rundt studentaktivitetar, ikkje rundt forelesningsaktiviteter. **Marknaden krev at aktiviteten skal vere sentrert rundt den lærande, ikkje den forelesande.**

Classfronter gir muligheit for oppgåver av typen multiple choise. Men vi har tona det ned. Fordi det er ikkje slik vi ønsker at læraren skal nærme seg studentane. Det er gjort med bakgrunn i strategiplanen til høgskulen. Det handlar om å skape god kontakt mellom student og lærer, og at teknologien ikkje skal skape avstand. Sjølv om vi veit korleis læring skjer, meiner vi at teknologien verkar direkte regressivt, fordi den har tendens til å fokusere på teknologien i seg sjølv i staden for å fokusere på mellommenneskeleg kontakt. **Dette var ei alvorleg forenkling. Det er tale om at sidan teknologien ikkje kan meistre det mennesket kan, og økonomi og effektivisering har vore viktige incitament for å ta e-læring i bruk, har e-læringa fungert regressivt på den pedagogiske utviklinga.**

3.4 Kursplanlegging for studentar (følge med i studentenes framgang).

Kva for verktøy/hjelpemidler tilbyr LMS til faglærerne for å sette dei i stand til å følge med i (overvåke) og hjelpe studentene med planlegging og råd i studieprogresjonen.

Det leggest ikkje noko individuelt løp i forkant av eit kurs. Læring er samhandling, og skjer i ein sosial kontekst. det forusett at dei køyrer i samme tempo. Tempo og innhold er allereide bestemt ved kursstart.

Classfronter sporar studentaktivitet. Både student og lærar har oversikt. Det er kanskje det viktigaste verktøyet. Sporing blir gjort med det for auge å forbedre jobben. Korleis denne muligheiten blir utnytta er veldig læreravhengig.

3.5 Brukervennlege administrative systemer mellom faglærern og læreinstusjonen.

Kva tilbyr LMS for å gjere kommunikasjonen mellom faglærer og læreinstusjon vellykka ?

Tanken er at Classfronter skal vera eit grensesnitt der faglærer, øvingslærer og studieadministrasjon skal møtast. Dette strandar ikkje på Classfronter, men på organisasjonen. Det er ikkje vanskelegare å lære lærere ute opplæring i Classfronter enn dei lærarane som er på campus. Snarare tvert imot, for dei som er nomadelærere er meir avhengig av å få det virtuelle til å fungere.

Vi har brukt nomadelærere. Desse lærarane arbeider på timebasis. Vår erfaring er at dei tilfører organisasjonen lite, og organisasjonen får tilført dei lite. Men det er betre å bruka dei enn alternativet, som i praksis ville vore å ikkje hatt noko tilbod på ein del kurs. Vi føler ikkje at vi heilt har

funne ei god arbeidsform. Det er gjerne slik at første året alltid blir fulgt av mislykka aktiviteter.

4 Administrasjon (student database)

4.1 Påmeldingsprosedyrer og betaling av studeavgift

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld påmelding av studenter, kursallokeringer og betaling av studieavgifter ?

MSTAS tar seg av dette.

4.2 Passord og sikkerheit.

Kor vellykka håndterer LMS student aksess til systemet og sikkerheiten rundt studentenes interaksjon med systemet ?

Heilt kurant.

4.3 Student arkiv database.

Kor vellykka er systemets studentdatabase, spesielt med hensyn til lagring og gjenfinning av data ?

MSTAS er det studieadministrative systemet. MSTAS som system er rimeleg dårleg. Eller så er det innføringa av MSTAS i vår organisasjon som har vore mislykka. Vi har hatt MSTAS siden 1992. Vår implementeringsstrategi var for dårleg. Feilen var at det har ikkje vart datamodellert på fleire nivå.

Konkurrenten er FS. FS sin målsetting er å lage korrekte rapporter. MSTAS sin mål er å lage korrekte vitnemål. Og då blir det dårleg. Vi har vurdert å gå over til FS. Alle universiteta og dei største høgskulane brUKAR FS. Det verkar som leverandoren av FS har meir langsiktige strategier enn leverandoren av MSTAS. Leverandoren av MSTAS er iallefall ikkje saa serviceinnstilt som leverandoren av Classfrontier.

4.4 Eksamens- og sertifiseringsarkiv.

Kva tilbyr LMS når det gjeld innskriving av data og karakterer som angår eksamener og sertifiseringer ?

MSTAS tar seg av dette.

4.5 Databaser for kurs, klasser og faglærere.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld administrasjon av kurs, klasser og faglærarane ?

GUI for administrasjon er litt kronklete, du må forstå litt av det bakenforliggende. Å betjene tusenvis av studenter betingar at ein har litt kompetanse også.

5 Teknologi (kvalitet og software)

5.1 Serverne - hardware og software valgmuligheter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på serverne ?

Kva for valgmuligheter har man når det gjeld software ?

Korleis er LMS integrert med den øvrige software ?

Fronter køyrer alt.

Upåklageleg stabilitet. Hadde meir trøbbel då vi køyrde systemet sjølv.

5.2 Klientene - hardware og software valgmuligheter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på klientmaskinene ?

Vi har standardisert på Microsoft-teknologi, med nettlesaren Internet Explorer. Vi har ingen problemer med den.

Dei tregaste maskinene til skulen er Pentium 2, 233MHz, 64 RAM. Dei raskaste er 1,5 GHz og 256 RAM .

Studenter som bur på studenthyblar, har gratis breidbånd.

5.3 Fleksibilitet i pedagogisk struktur; oppdatering og tilpassingsevne.

Er den pedagogiske strukturen fleksibel, eller er den bestemt av teknologien ?

Kva for tilpassingsevne har teknologien med hensyn til oppdateringer og ny teknologi som blir tilgjengeleg på markedet ?

Systemet er åpent. Det er pedagogikken som styrer teknologien, i stor grad.

Det er 4 oppdateringer årleg i CF. Vi er veldig fornøgd med det.

5.4 Begrensninger i størrelse (antall studenter, kurs, faglærere..).

Kor vellykka håndterer LMS ulike størrelser på antall studenter, kurs og faglærere ?

Korleis taklar LMS 100, 1000 eller 10000 studentar og store kursdatabaser ?

Vi har ingen problem.

5.5 Systemet hastighet.

Korleis er hastigheiten til LMS og studentenes tilfredsstillelse med den ?

Kor raskt maktar systemet nedlasting av kurs og læremateriell som krev stor båndbreidde ?

Ingen problem. Glitrande. Ingen trøbbel.

6 Pris

6.1 Kostnadene ved LMS (Learning Management System).

Kva er kostnadene med dette LMS for institusjonen ?

1300 studenter, 200.000 i årleg kostnad.

6.2 Årleg avgift.

Kva for årlege avgifter må betalast av institusjonen for systemet ?

Sjå 6.1

6.3 Avgifter ved studentpåmelding (100, 1000 eller 10000 studentar).

Korleis varierer avgifter ved å bruke av dette LMS alt etter om studentmassen er på 100, 1000 eller 10000 studentar ?

Er online fakturering mulig ?

Vi har spesialavtale på grunnlag av vi hadde ein rask beslutningsprosess.

Ikkje online fakturering i LMS.

6.4 Vedlikeholdskostnader: Staben involvert i ledelse, IT-spesialistar , opplæringspersonell etc.

Kva for vedlikeholdskostnader har institusjonen med dette LMS og kva for personell ressurser er nødvendige for å vedlikeholde det ?

Ca. 20 % stilling (1 dagsverk ein gong for veka) til innlegging av nye studenter, vedlikehold og liknande.

6.5 Opplæringskostnader. Opplæring av faglærere, stabspersonell og studenter i bruken av systemet.

Kva er kostnadene med å lære opp stabspersonell og studenter i å bruke dette LMS ?

Enorme. Eg vil tippe at for i år har vi alt i alt brukt ein million. Dette viser ikkje i regnskapet. 100.000 på meg sikkert. IT-avdelingen og faglærere likeså.

Vi har hatt Fronter på besøk ein gong. For eit opplæringskurs. Eg trur ikkje på kurs som læringsarena. No skal vi til med eit prosjekt som heiter nettlærerkafe. Vi møttest kvar 14 dag over ein kopp kaffi. Vi held på og får det i faste former. Det skjer veldig mykje på desse møtene. Det betyr at møtene har stor betydning. Møtene fungerer som idedugnad og inspirasjon.

Konklusjon: Generell evaluering:

Vi lærer kontinuerleg. Vi føler vi er på rett veg. Målet er å få spreidd kunnskapen mest mogeleg i organisasjonen.

Vi er godt fornøgd med CF . Den støttar behova våre no.

Vi hadde såpass mykje erfaring med e-læring frå før og vi visste såpass mykje kva vi skulle sjå etter, så vi bestemte oss for å satsa på Classfronter frå starten.

Vi vurderte dei norske programmene, først og fremst FirstClass og Luvit, som aktuelle alternativ.

Størrelsen til leverandøren hadde ein del å sei. Men vi såg etter ein leverandør som vi trudde kom til å spela ein viktig rolle i høgare utdanning. Det spelar ein rolle for oss at mange andre høgskular har satsa på Classfronter.

Integrasjonen med MSTAS er veldig enkel. Vi har hatt eitt feilslag som vi ikkje forstod. Men elles har det gått greit.

For oss har det viktigaste vore å få eit system tilpassa oss. Vi har ein ide om at vi brukar Classfronter litt annleis enn andre. Det gjenspeilast i kven som har mest makt i systemet, hos oss har studentane veldig mykje makt. Studentane får eigne rom og mapper. Vi er ute etter å la studentane styre læreingsaktivitetane. Vi hadde brukt eit anna system i to år og visste kva vi var ute etter. Imaker hadde ingen muligheit til makt for studentane.

Problemet med student-tilbakemeldingar er dei er generelt glade for ikkje å bruke så mykje krefter for å komme gjennom eit studium. Problemet er at læring krev krefter. Difor er kvantative undersøkelser ubrukelege.

Kva for eigenskapar ville du likt å sett inkludert i dette LMS i framtida ?

Det veit eg eigentleg ikkje enno.

Vi må bli betre kjent med organisasjonen først. Når ein organisasjon tek i bruk eit nytt verktøy, tek det tid å bli vandt med det og tenke ut i frå det. Organisasjonen må få litt tid på seg til å gå seg til.

Takk for at du har vore behjelpelig med å svare på spørsmåla !